



Møteprotokoll for Næringsfondsstyret

Møtedato: 24.05.2018
Møtestad: Konferansesalen
Møtetid: 09:00 - 09:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Utvalseiar	
Kristin Nåmdal	SA	Medlem	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterande rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
007/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
008/2018	Godkjenning av møtebok
009/2018	Orienteringssaker
010/2018	Framlegg til vedtak - søknad om utvikling av kompetanseområde for småskala fornybar energi, Nøttveit næringsbygg.

Notat frå møtet:

007/2018: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

008/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes vedteke

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

009/2018: Orienteringssaker

Behandling:

Ass. rådmann Ove sæbø orienterte om saker som har blitt handsama administrativt sidan førre møte i næringsfondsstyret.

- Søknad frå Ivan Peykov om tilskot til produksjonsutstyr for sølvdeler, samt investering i salsvogn for fish'n chips. Søknaden vart avslått.

- Søknad frå Jan R. Myking om tilskot til marknadsavklaring om mogleg båtrute langs Osterfjorden. Søknaden vart innvilga med kr. 20 000,- i tilskot.

- Søknad frå Jan R. Myking om tilskot til marknadsavklaring om mogleg fjordcruiseidè på Osterfjorden. Søknaden vart innvilga med kr. 10 000,- i tilskot.

- Søknad frå Espen Fagerbakke og Silje Holme om tilskot til kjøp av nytt hus i Modalen. Søknaden vart innvilga med kr. 100 000,- i tilskot.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

010/2018: Framlegg til vedtak - søknad om utvikling av kompetanseområde for småskala fornybar energi, Nøttveit næringsbygg.

Behandling:

Assisterande rådmann Ove Sæbø orienterte kort om bakgrunnen for søknaden og innstillinga til vedtaket.

Einar Sofienlund orienterte om innhaldet i søknaden og svarte på spørsmål frå Næringsfondstyret.

Vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 460 000,- tilskot frå næringsfondet til etablering av kompetanseområde for fornybar energi – Nøttveit næringspark. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknaden.

Følgande vilkår ligg til grunn for løyvinga:

1. Søkjar/mottakar må dokumentere bustad- og/eller kontoradresse i Modalen.
2. Aktivitet og/eller sysselsetjing må finne stad i Modalen.
3. Utbetaling av tilskot føreset godkjent byggjeløyve for tiltaket.
4. Dersom verksemda opphøyrer, vert solgt eller flytta innan 5 år frå tilsegnsdato, kan Modalen kommune krevje tilskot forholdsmessig tilbakebetalt. Det same gjeld dersom bygg, inventar og liknande som er finansiert med støtte frå næringsfondet vert nytta til anna føremål enn føreset.
5. Tilskot vert utbetalt på grunnlag av medgått dokumenterte kostnader.
6. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det vert trong for forlenging kan dette søkjast om innan utlauf av fristen.
